

Vedlegg 1

VURDERING AV SØKNADANE TIL KULTURUTVIKLINGSMIDLAR 2014

1. Nye søknadar som det vert rådd til å løyve midlar:

Søkjær:	Bremanger kulturlag	Tiltak:	Der båra bryt - forprosjekt		
Innhald:	«Der båra bryt» er eit stort utandørs teaterprosjekt i Bremanger. Hovudmålet er å skape eit årleg kulturarrangement, der historie og formidling av livet på kysten står sentralt. Søkjaren skal gi publikum eit nyskapande utandørs scenekunstverk på og ved Grotlesanden og Grotle gamle kyrkjegard. Der vert kunnskap om og oppleving av eit hardbarka folkeslag dramatisert. Det skal vere basert på lokale historiar. Prosjektet skal gå av stabelen 11.-12. september 2015. Forprosjektet skal vere ferdig innan utgangen av 2014. I forprosjektet skal ein utvikle arrangementet gjennom arbeid med manus, dramaturgi, scenografi og kostyme. Det er sett saman ei styringsgruppe og leigd inn kunstnarleg kompetanse gjennom manusforfattar, regissør og scenograf. Det er også leigd inn produsent til planlegginga av prosjektet.				
Vurdering:	Forprosjektet skal utvikle ein idé fram mot eit prosjekt som skal vere gjennomførbart. Kulturutviklingsmidlane må ha rom for å støtte ideutvikling. I ein ev. vidareføring/gjennomføring av prosjektet kan ein vurdere om dette er eit lokalt tiltak som skal finansierast lokalt. Men i utviklingsfasen der ein har trekt inn profesjonelle krefter frå Sogn og Fjordane meiner fylkesdirektøren at søknaden kan støttast, likevel med eit mindre beløp enn det er søkt om.				
Budsjett:	621 000	Søknadssum:	120 000	Tilråding:	30 000

2. Søknader som fekk midlar i 2013 (eller tidlegare) som det vert rådd til å løyve midlar til i 2014:

Søkjær:	Teaterfestivalen i Fjaler	Tiltak:	"Teaterfestivalen"		
Innhald:	Teaterfestivalen vart starta i 2013 og gjennomførte ein festival som vart oppsummert som ein stor suksess både i innhald og form, og med stor respons frå publikum. Festivalen vart omtala i nasjonal presse som ein festival med internasjonalt nivå. Basert på dei gode erfaringane vert teaterfestivalen også arrangert i 2014. Her planlegg ein ei auke i framsyningane frå 7 – 9 produksjonar, og ein har også lagt ambisjonane høgare på alle felt, og budsjettet er dobla. Ein held fram med å utforske det perifere med ståstaden i bygde-norge som ramme. Dei leiter etter kvalitet og bredde i uttrykk og sjanger, men held fokuset når det gjeld tematikk. Dei ønskjer å vere ein utviklingsstad for nye idear og skape inspirasjon. Dei vil også vidareføre arbeidssymposiet, i år er tema «Arts mangfald i skog og scenekunsten.» Hovudmålsettinga er: <ul style="list-style-type: none">- Gi innbyggerane i kommunen og regionen (fylke) nye interessante kulturopplevingar.- Fagleg styrking og utvikling av det kunstnariske fagmiljøet i kommunen.- Styrke Fjaler si rolle som produksjonsstad for kunst og kultur. Dei vil også vere ein festival: <ul style="list-style-type: none">- på internasjonalt nivå.- som er ein stad for fagleg og kunstnarleg utvikling.- som skaper inspirasjon- der det knytast sterke band mellom lokalbefolkning og tilreisande.				

	<ul style="list-style-type: none"> - som er motstrøms og jordnær - som styrker Fjaler si rolle som produksjonsstad for kunst og kultur. <p>Til tross for at Dale er ei lita bygd, er det i dag heimstad for eit frodig miljø av profesjonelle kunstnarar. Nordisk Kunstnarsenter Dalsåsen ligg her, med fleire etableringar i kjølvatnet innan biletkunst, design, litteratur og scenekunst. Produksjonsselskapet Sandsund/Lie har dei siste åra laga sine scenekunstproduksjonar i Dale, i samarbeid med ulike institusjonar og det frie scenekunstheltet. I 2011 starta det kommunale prosjektet "Preform", med midlar frå kommunaldepartementet si bulyst-ordning. Det er eit treårig prosjekt, som arbeider for tilrettelegging for profesjonell kunstproduksjon i Fjaler.</p> <p>Ynskje om å få til en teaterfestival i bygda, er ein konsekvens av dette. Det er et samarbeid mellom kommunen, kunstnarane og kulturføretaka i bygda, med ynskje om å både styrke det faglige scenekunstnettverket rundt Dale, samtidig som ein ønskjer å skape relevante og interessante kulturopplevingar.</p>
Vurdering:	Teaterfestivalen er framleis eit nytt tilskot til kulturfloraen i Sogn og Fjordane. Dalsfjorden er eit viktig område for teater i Sogn og Fjordane der mange profesjonelle aktørar er lokalisert. Det er difor eit miljø å bygge på og mogeleg å bygge opp ei interesse både som publikum og som frivillige til dugnad. Dette er eit tilbod som ein i dag finn lite av i fylket og som vil utvide kulturtilbodet i regionen på ein god måte. Ein har no oppnådd finansiering frå kulturrådet i 2 år og har difor skaffa seg eit økonomisk grunnlag for å kunne utvikle festivalen. Det er sagt at ein kan gi kulturutviklingsmidlar inntil 3 år, og Fylkesdirektøren rår difor til å vidareføre tilskotet også i 2014 for å gi stabile økonomiske rammer i utviklingsfasen av festivalen. Det vert føreset at kommunen også deltek i finansiering.
Budsjett:	1 011 000 Søknadssum: 80 000 Tiltråding: 70 000

Søkjær:	Jakob Sande Selskapet (JSS), Fjaler	Tiltak:	Vidare utvikling og drift av Jakob Sande-tunet (JST)
Innhald:	<p>I tillegg til den daglege drifta med nye og kjende aktivitetar, vil styret si hovudtiltak vere ombygging og driftsendring av våningshuset på JST.</p> <p>JSS har som hovudmål å styrkje rolla si som litteraturselskap, kunnskapsformidlar og gjere JST synleg som attraksjon og møteplass.</p> <p>Våningshuset er i dag ikkje ope for publikum, å tilpasse dette til dagens drift er avgjerande for å kome vidare i arbeidet. Hovudhuset vert det nye hjartet i tunet, litteraturhus med bibliotek, arkiv, kontor og prosjektrum i 1. etg og leilegheit med «residency» (opphald på norsk?) for gjestande kunstnarar i 2. etg.</p> <p>Hovudsatsingsområde i 2014 er:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Ombygging av våningshus til litteraturhus 2. Gjesterom for diktar med skrivestipend 3. Ny driftsmodell / organisering 		
Vurdering:	<p>Satsinga på Jakob Sande si diktning og formidling av kulturarven er i tråd med kulturstrategien og særleg i høve til nynorsk som styrke for identitet og utvikling.</p> <p>Fylkesdirektøren ser at utviklingsarbeidet som har skjedd saman med PreForm i 2013 har gitt nye retningar til arbeidet i JSS, og leiar forhåpentlegvis fram til ein god og berekraftig driftsmodell for JSS.</p> <p>Store delar av budsjettet for 2014 er bygningsmessige investeringar og tilretteleggingar, noko kulturutviklingsmidlane ikkje skal gå til. Det er likevel trong for administrativt arbeid og utviklingsprosessar. Dette har no kome i eit godt spor og arbeidet må vidareførast. På bakgrunn av dette rår fylkesdirektøren til at det difor vert løyvd midlar i eitt år, med ny vurdering i 2015.</p>		
Budsjett:	2 440 000 Søknadssum: 100 000 Tiltråding: 80 000		

Søkjær:	Gry Buer	Tiltak:	Alt lys på Solund
Innhald:	Utgangspunktet er eit initiativ der m.a. Solund kunstlag og ein kunstnar busett i Solund		

	<p>ønsker å bruke lys som eit verkemiddel for å skape ein ny kulturarena for norske og internasjonale lyskunstnarar. Auka merksemd og spreke påfunn skal fremje innovasjon og utvikling. Med permanente installasjonar dannar ein grunnlag for vidareutvikling av en internasjonal lysfestival. Søkjar har fått midlar til forprosjektet i to år. Det vart gjennomført ein forrykande pilotfestival i 2013 under stormen Hilde sine herjingar på kysten. Dette gav likevel meirsmak og festivalen vert vidareført i november 2014. Dei søker om midlar til gjennomføring av eit kunstnarisk program til festivalen i 2014, og evaluering/vidareutvikling av det overordna programmet for stadsutvikling gjennom lys.</p> <p>Prosjektet har som langsiktig mål å skape fire ulike, men likevel samanhengande tiltak, der prosjekta kvar for seg er sjølvstendige, men spelar saman. Dette er:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Stadsspesifikk lyskunst og festival 2. Kajakkløype i sentrum 3. Tursti på Håneset. 4. Seminar / Arena for diskurs 					
Vurdering:	<p>Dette er eit samarbeid i skjeringspunktet kultur og næring. Ein bygger på ny teknologi og berekraft. Ein har funne eit spennande prosjekt som kan fungere godt i landskapet. Kunnskap, eksperimentering og utvikling med lysuttrykk i ulike samanhengar kan gi prosjektet en posisjon nasjonalt og internasjonalt. Prosjektet vert støtta av kommunen og private aktørar.</p> <p>Kulturutviklingsmidlane har ei ramme på 3 år, prosjektet går no inn i sitt 3 år med tilskot. Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd midlar i 2014 slik at søkjar kan arbeide vidare med å etablere og utvikle konseptet. Det er likevel ikkje rom for ein stønad i den storleiken det er søkt om. Evaluering av aktiviteten i 2014 vil avgjere om prosjektet skal støttast vidare som eit utviklingsprosjekt eller ev. kome inn under ramma for driftsstønad.</p>					
Budsjett:	<table border="1"> <tr> <td>1 145 000</td> <td>Søknadssum:</td> <td>400 000</td> <td>Tilråding:</td> <td>100 000</td> </tr> </table>	1 145 000	Søknadssum:	400 000	Tilråding:	100 000
1 145 000	Søknadssum:	400 000	Tilråding:	100 000		

Søkjar:	Hanne Bergliot Oftedal	Tiltak:	Forteljarane kjem
Innhald:	<p>Forteljarane kjem! er et tiltak der søkjar ønsker å skape rom for den munnlege forteljinga. Det ble arrangert første gang i januar 2012 i forbindelse med "Den store fortellerdagen" som da ble arrangert for første gang i Norge - i anledning P.C Asbjørnsen sin 200-årsdag. Det er et overordna mål å skape interesse og rom for forteljning som møteplass mellom menneske, generasjonar, kulturar og miljø, så vel som interesse og oppleving av at dette også er et kunstnarisk uttrykk på line med andre kunstuttrykk. Som eit langsiktig mål er det eit ønske at "Den store fortellerdagen" skal bli et årlig arrangement i fylket.</p> <p>Etter 3 år arrangement viser erfaringane at det er rom for og behov for dette uttrykket. Samarbeidspartar og arenaer er barnehagar, grunnskular, frivillige lag, bibliotek, arbeidsplassar og institusjonar, forteljarar.</p> <p>Arrangement kan vere forteljarkurs, besøk på bibliotek, skular og institusjonar, forteljardag.</p> <p>Hausten 2014 er det planlagt desse aktivitetane:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skule/klassebesøk i fleire kommunar • Førestillingar for eldre i bufellesskap og eldretreff • Familieframsyning i bibliotek • Institusjonsbesøk • Forteljarkveld for inviterte forteljarar og andre interesserte • Forteljarkurs <p>Den munnlege forteljinga krev lite utstyr, kan tilpassast dei fleste arenaer og publikumsgrupper i alle aldrar.</p>		
Vurdering:	<p>Kulturstrategien peiker ut nynorsk som eit prioritert område. Språket vårt handlar om identiteten vår, som menneske og som fylke. Gjennom media, i marknadsføring, i skuleverket, i arbeid og fritid møter vi språk og dialektar. Den munnlege tradisjonen er også viktig i denne samanhengen. Ein større fokus på forteljning og forteljartradisjon i heile fylket kan styrke språket og identiteten vår. Den viktigaste føresetnaden for å halde eit</p>		

	språk i hevd, er at det vert brukt. Søklar vart tildelt midlar i 2013 og det vart bedt om at søkjaren skulle sjå på korleis ein skal gå fram for å etablere dette i fleire kommunar i fylket. Dette har søklar no gjort og i tillegg til Gloppen er Hornindal og Førde også med i år. Fylkesdirektøren rår til at prosjektet vert støtta med midlar også i år.				
Budsjett:	50 000	Søknadssum:	15 000	Tilråding:	15 000

Søklar:	Vevringutstillinga	Tiltak:	Vevringutstillinga 2014		
Innhald:	Vevringutstillinga er no 35 år. Det er opparbeidd ein stor ressurs i nettverk og kunstnarar. Dette viser igjen i utstillingane som femnar over dei seinaste strømingar og nye kuratorar samtidig som ein har med seg dei eldre, meritterte kunstnarane. Satsingar i år: <ul style="list-style-type: none"> • Symposium/Vevringutstillinga som meiningsprodusent • Internasjonal satsing/ eksternt kurert uterom, med Anders Kjellevik som er ein Berlin-basert kunstnar. Det vert søkt om eksterne midlar til gjennomføringa av dette prosjektet. • Satsing på opplevingsbasert kunst. Dette er eit ledd i utviklinga av festivalen der ein ser at ein må gå vekk frå den tradisjonelle profilen der kunstnarane kjem vederlagsfritt, mot å selje kunsten sin. Opplevingsbasert kunst, som t.d. lyd, aksjonskunst og performance-kunst må finansierast på ein annan måte. 				
Vurdering:	Vevringutstillinga er ein institusjon i kunstverda nasjonalt, og kanskje også internasjonalt? Eldsjelene bak arrangementet har no tatt tak i eit utviklingsprosjekt der ein har invitert inn fagkompetanse, m.a. Torkil Samsund, Fjaler, for å utvikle utstillinga, og kanskje modernisere forma. Fylkesdirektøren ser positivt på eit slikt arbeid for å halde på Vevringutstillinga sin posisjon og relevans og rår til å støtte søknaden.				
Budsjett:	501 000	Søknadssum:	95 000	Tilråding:	70 000

Søklar:	Jorun Barane	Tiltak:	"World Heritage Storytelling"		
Innhald:	Prosjektet fekk kr 25 000 i 2012 og 2013. Søklar om midlar til utvikling og tilrettelegging av historiefortelling og forteljarvandringar i området Nærøyfjorden Verdsarvpark. Mål: Integrering av forteljarkunst som verktøy i lokalsamfunnsutvikling og i stadbasert læring. Vidareutvikle nettverk, kompetanse og gjennomføre kurs i forteljarkunst som ein integrert del av den kulturelle og sosiale verdskapinga knytt til turar og opplevingar i Verdsarvparken. I samarbeid med ressurspersonar og kompetansmiljø i England og den internasjonale «School of Storytelling». I år har prosjektet desse satsingane: <ol style="list-style-type: none"> 1. Forteljarkurs Begynn No! Utvikling, etablering og gjennomføring av kurs i forteljning 28. til 30. mars 2014 i samarbeid med Høgskulen i Oslo og Akershus. Kursbeskriving; Munnleg formidling av myter og tradisjonelle historia skapar nye forbindelse til våre omgjevnadar og vekkjer vår økologiske billed danning ! 2. Internasjonale arrangement <ul style="list-style-type: none"> • Historia bak ditt produkt : Etablering og gjennomføring av kurs i samarbeid med Sue Hollingsworth og International School of Storytelling i England, hausten 2014, • Biografiske forteljingar og stadkjensle: Kurs i biografiske historia, arbeida med å laga små forteljinga frå eige liv og stad, med Roi Gal Or vår/sommar 2014, sjå: 3. Utvikling av nytt produkt: Forteljarvandringar i verdsarvområdet Vandring i Aurlandsdalen , Vandring i Borgund og på Urnes. 				
Vurdering:	Tiltak og aktivitet som styrkjer verdsarvstadane i fylket vert prioritert. På bakgrunn av dette rår fylkesdirektøren til å løyve midlar til tiltaket. Sidan ein har eit 3-årig perspektiv på løyvinga og at innhald i prosjektet no ser ut til å ha sett seg og funne ei form går				

	fylkesdirektøren ut i frå at dette er siste år med løyvingar til dette tiltaket.				
Budsjett:	131 000	Søknadssum:	32 000	Tilråding:	25 000

Søkjar:	Nynorske litteraturdagar	Tiltak:	Nynorske litteraturdagar 2014		
Innhald:	Nynorske litteraturdagar handlar om å profilere den nynorske språket, litteraturen og forfattarane som identitet og kulturarv. Dei har eit programinnhald som femnar breitt og som skal gi gode kulturopplevingar til folk flest. Aurland kommune har no vedteke at litteraturdagane skal organiserast utanfor den kommunale drifta, dette vil truleg skje i 01.01.15. Den nye organiseringa er ikkje klar på søknadstidspunkt, men kommunen stadfester at dei vil oppretthalde tilskotet til festivalen. Søknad kome inn etter frist, skrive 30.01.14				
Vurdering:	Tiltaket er i tråd med kulturstrategien og særleg i høve til nynorsk som styrke for identitet og utvikling. Arrangementet er i utvikling, og endringar kan skje i organisering og gjennomføringa av dagane. Fylkesdirektøren meiner det framleis er viktig å støtte litteraturdagane, og rår til vidare løyving under føresetnad at tiltaket vert gjennomført som skissert. Det er likevel ei utfordring i høve til utviklingsmidlane da dei ikkje skal gis til driftsoppgåver og ikkje over eit lengre tidsrom til same type tiltak.				
Budsjett:	960 000	Søknadssum:	125 000	Tilråding:	100 000

Søkjar:	Åmot Operagard	Tiltak:	Konsertserie 2014		
Innhald:	Søker om midlar til konsertprogrammet i 2014. Dei ønskjer med programmet å gjere opera og klassisk musikk tilgjengeleg for eit breiare publikum. Åmot Opergard tilbyr eit variert tilbod innan kunstproduksjon, kulturbasert næring og kulturbasert næringsutvikling. Dei har ei imponerende merittliste der dei fleire gongar er kåra til ein av dei mest nyskapande scenene for opera og klassisk musikk i landet, sovel innan reiseliv og næringsutvikling. Åmot Opergard fekk Gaular kommune sin Kulturpris 2012. I år har dei planlagt denne konsertserien: 1. Konsert Berit Opheim og Erlend Apneseth Dato: 11.04. Sjanger: Folkemusikk 2. Forestilling Unge operasangere Dato: 12. Og 13.06. Sjanger: Kammeropera 3. Operahelga 2014 Dato: 22. og 23.08. Sjanger: Operagalla med Edvard Grieg kor fra Bergen. 4. Konsert Jorunn Torsheim Dato: 22.10. Sjanger. Italiensk opera 5. Julekonsert med Thea Hjelmeland med band Dato: 18. og 19.12. Sjanger: Theas egen sjanger				
Vurdering:	Operasatsinga på Åmot gard er spenstig, det er satsing på kultur og næring i ei nisje av marknaden. Satsinga er innanfor kulturstrategien sin satsingsområde. Fylkesdirektøren rår difor til at det vert løyvd midlar til søkjaren. Sidan ein har eit 3-årig perspektiv på løyvingar frå kulturutviklingsmidlane og at innhald i prosjektet no ser ut til å ha sett seg og funne ei form går fylkesdirektøren ut i frå at dette er siste år med løyvingar til dette tiltaket. Fylkesdirektøren viser elles til drøftingar i saka.				
Budsjett:	547 500	Søknadssum:	100 000	Tilråding:	30 000

3. Utviklingsavtalar det vert rådd til å løyve midlar:

Søkjar:	Sogn og Fjordane idrettskrins	Tiltak:	"Idrettslaget som trivsels-, lærings- og utviklingsarena for jenter 15-19 år"		
Innhald:	Dette er år to av eit treårig prosjekt som set fokus på ungt leiarskap, rekrutteringsarbeid,				

	<p>utvikling av jenter/unge kvinner som trenarar og leiarar og prøver ut nye modellar for innretning av aktivitetstilboda for ungdom. For søkjaren er det viktig å gjere tydeleg den rolla idrettskrinsen har for å nyutvikling og styrking av aktivitetstilboda på tvers i idretten. Utfordringa er å få fleire ungdommar til å bli med lengre i idretten. Med modellen «ungdomsdriven idrettsaktivitet» ønskjer ein saman med utvalde idrettslagsmiljø å prøve ut dette.</p> <p>Hovudmålet i prosjektet er å bygge ungt leiararskap for jenter, styrke jenterekutteringa og fleire jenter som trenarar og leiarar. Nye eller endra aktivitets-, trenings- og konkurransetiltak som blir skapt og utvikla gjennom denne jentesatsinga i utviklingsmiljøa, vil også kunne gi grunnlag for innretning av tiltak for ungdom generelt.</p>				
Vurdering:	<p>Fråfall frå organisert idrett er større og skjer tidlegare for jenter enn gutar. Mange av tiltaka i dette prosjektet gjeld også for gutar, men fokuset er å få med jenter også. Prosjektet vil også gi svar på kva som motiverer ungdom til organisasjonsarbeid og deltaking i idretten elles på generelt grunnlag. Dette er difor eit prosjekt som det er viktig å støtte. Det er viktig at idrettskrinsen dokumenterer prosjektet slik at ein kan overføre metode og læring til andre. Sogn og Fjordane idrettskrins er ein viktig organisasjon i arbeidet med å innføre utviklingsavtalar som metode for samhandlinga med frivillig organisasjonsliv. Dette prosjektet kan inngå i slik utviklingsavtale. Prosjektet bør vurderast for oppfølging i 3 år som søkt om.</p>				
Budsjett:	291 000	Søknadssum:	75 000	Tilråding:	75 000

Søkjjar:	Fylkeskommunen	Tiltak:	Utviklingsavtalar med regionale lag og organisasjonar		
Innhald:	<p>Viser til eiga sak i møte 12.03.13 om utviklingsavtalar som metode for samhandling med regionale lag og organisasjonar. Det vart sett av 100 000 kr til føremålet i 2013. I framleget til ny kulturstrategi vert det under satsingsområde 4. Frivillige organisasjonar vist: <i>«Det er viktig å oppretthalde driftsstonad som skal støtte opp om laga sin eigenaktivitet. Samtidig ønskjer fylkeskommunen å utfordre frivillig sektor til å bidra til å arbeide for å oppnå regionale mål. Difor vert det inngått utviklingsavtalar med enkelte lag der dei i tillegg til å ha rammer for å utvikle ordinær aktivitet også arbeider med løysingar på utvalde utfordringar i fylket eller regionen. Det er viktig å etablere nye utviklingsavtalar i perioden, og særleg ein avtale med Sogn og Fjordane idrettskrins.»</i></p>				
Vurdering:	<p>Kulturutviklingsmidlane er kultursektoren sine frie midlar for å gjennomføre vedtekne planar og strategiar. Midlane skal gie organisasjonen moglegheit til å oppnå måla sett i kulturstrategien.</p> <p>I år er det Gløppen musikkfest og Sogn og Fjordane idrettskrins som er aktuelle samarbeidspartar. Dette er også eit av tiltaka i handlingsdelen i Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Orientering om avtalane vert lagt fram for hovudutvalet i møte i september.</p> <p>På bakgrunn av dette rår fylkesdirektøren til at ein set av midlar til å prøve ut utviklingsavtalar som samarbeidsform med frivillige organisasjonar i tidsrommet 2013 – 2015. Fylkesdirektøren foreslår å sette av kr 150 000 til dette i 2014, da er det inkludert 75 000 kr til Idrettskrinsen sitt prosjekt Idrettslaget som trivsels-, lærings- og utviklingsarena for jenter 15-19 år.</p>				
Budsjett:		Søknadssum:		Tilråding:	150 000

4. Søknadar som det ikkje vert rådd til å løyve midlar:

Søkjjar:	Anne Reidun Sørensen	Tiltak:	Rødseter – istandsetting av bygningar		
Innhald:	<p>Rødseter AS er ei gardsbedrift, som skal tilby naturopplevingar, arrangement, minikonferansar, matservering og overnatting til fritids- og bedriftsmarknaden. Søknaden i år omfattar kun restaureringsdelen av prosjektet, der 2 våningshus skal settast i stand. Hovudføremålet i prosjektet er å vidareutvikle staden til å verte eit senter for kultur, naturopplevingar, kunnskapsdeling og reiselivsutvikling. Historisk har «Fjærland fostret</p>				

	flere dyktige breførere, og tre av de mest kjente kom fra Rødseter gård i Supphelledalen. Det startet i siste halvdel av 1800-tallet med Anders Øygard sr. som sammen med de andre gårdene i bygda, var med på å finansiere byggingen av Hotell Mundal, som sto ferdig i 1891. Turistnæringen var allerede på den tiden en viktig inntektskilde i Fjærlandsbygda, og det kom utenlandske turister langveis fra, for å oppleve dette fantastiske fenomenet som isbreen var. Den siste i rekken av disse tre, Eirik's sønn, ble også den mest kjente breføreren – Anders Øygard jr. (1924-1993).»			
Vurdering:	Garden er kulturhistorisk viktig for Fjærland og for bre-historia i Sogn og Fjordane. Det er ein god forretningside å jobbe vidare på. Fylkesdirektøren vurderer det likevel som eit næringsprosjekt like mykje som eit kulturprosjekt, og som eit lokalt prosjekt slik det ligg føre i dag. Det er også eit restaureringsprosjekt der ein må søkje andre midlar enn kulturutviklingsmidlar, dette gjer søkjaren gjennom t.d. kulturminnefondet. På bakgrunn av dette vert søknaden avsele.			
Budsjett:	3 015 500	Søknadssum:	310 000	Tilråding: 0

Søklar:	Flora kommune	Tiltak:	Strengleik – musikkutviklingsprosjekt og musikkfestival	
Innhald:	Flora kommune ønskjer å vidareføre shantyverkstaden (jubileumsprosjekt 2013) og samle/bygge opp ukulelemiljøet i fylket. Dei ser for seg eit 2 – 3 årig prosjekt der dei vil spreie desse musikktryngane som ringar i vatn. Dei ser for seg eit to – tredagars arrangement i Florø med parallelle shantyverkstader og ukuleleverkstader. Dette skulle? Ende opp i ein konsert på kvelden med deltakarane på verkstadane samt Stord Weather Shanty Choir og Austrheim mannskor.			
Vurdering:	Shanty og ukulele er musikkuttrykk som kanskje ikkje er så vanlege enda. Shanty er kystkulturen sine arbeidssongar og difor naturleg å knyte opp til Florø. Fylkesdirektøren vil definere dette som eit lokalt prosjekt, der m.a. musikkopplæring (også i ukulele) er knytt til kulturskulane. I projektskildringa kjem det fram at aktiviteten er i Florø og søkjaren har nokre lause tankar om samarbeid med Tall Ships Race, men projektskildringa og budsjettet er uferdige på dette punktet. Fylkesdirektøren samanliknar dette prosjektet med Leikanger mannskor sin søknad i 2013 som også vart definert som lokal og foreslår difor å avslå søknaden.			
Budsjett:	120 000	Søknadssum:	40 000	Tilråding: 0

Søklar:	29-2 AURLAND AS - 2 Aurland AS	Tiltak:	Fotoutstillinga: 29-2 Aurland «Den gong då, her, no»»	
Innhald:	Søkjaren ønskjer å få til ei fotoutstilling i løa på garden. Den skal innehalde 2 ulike perspektiv; gamle bilete frå 1870 og framover av Aurland samla frå utvandrarar i USA samt nye kunstfoto tatt av Aurland av Oddleif Apneseth og Jens Hauge. Desse bilda skal syne korleis det ein gong var og korleis det er blitt. Dette som eit ledd i stadsutvikling, stoltheit over staden og det å kjenne historia si. Dei søkjer om midlar til å hyre inn fotografane.			
Vurdering:	Det er eit spennande prosjekt som vil vise fram Aurland før og no. Dei ønskjer å bruke lokale fotografar, noko som gir kulturarbeidsplassar. Fylkesdirektøren vil vurdere dette til å vere eit lokalt prosjekt sidan utstillingsstad og tematikk er knytt til Aurland. Det er difor positivt at Aurland kommune er med. Søknaden vert med dette avsele.			
Budsjett:	150 000	Søknadssum:	50 000	Tilråding: 0

Søklar:	UL Dæmring	Tiltak:	Universell utforming skulehuset Dæmring	
Innhald:	Dæmring er eit gammalt skulehus frå 1917, i dag nytta som «Bygdahus». Det har om lag same utsjånad som da det var bygd, men treng tilrettelegging tor rullestolbrukarar. Tilrettelegginga vil føre til at huset vert meir brukt og at det er meir funksjonelt.			
Vurdering:	Dette er ei bygningsmessig tilrettelegging som mange lokale kulturbygg står ovanfor. Dei søkte på stønadsordninga spelemidlar til lokale kulturbygg i 2013 og fekk kr 114 000,-. Desse midlane er så langt vi kan sjå ikkje tatt med i finansieringsoversynet.			

	Fylkesdirektøren vil på grunnlag av at dette er eit lokalt tiltak som er finansiert over anna fylkeskommunal/statleg ordning avslå søknaden.				
Budsjett:	360 000	Søknadssum:	114 000	Tilråding:	0

Søklar:	Nærøyfjorden verdsarvpark	Tiltak:	Otternes Bygdetun og Lærdalsøyri - restaureringsfaglege nav i Indre Sogn		
Innhald:	<p>Verdsarvparken er ei plattform for samarbeid på tvers av kommune/fylkesgrenser, sektorar og nivå om natur- og kulturbasert verdiskaping og samfunnsutvikling i kommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss. Målet i dette prosjektet er å bygge eit breitt og sterkt kompetansemiljø innan lokal/regional byggeskikk og ulike restaureringshandtverk i Verdsarvparkregionen/Indre Sogn, med Lærdalsøyri og Otternes bygdetun som nav.</p> <p>Konkrete tiltak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Arrangere kurs innan restaureringshandtverk 2. Etablere restaureringsforum 3. Digitalisere og gjere tilgjengeleg lokalt arkivmateriale 4. Fysisk arena for formidling om restaurering (Telegrafbygningen i Lærdal) 5. Vidareføre husbukkprosjektet (dette prosjektet fekk avslag om midlar i HPN 26.11.13) <p>Dei søker kulturutviklingsmidlar til punkt 1, 2, 3 og 4.</p>				
Vurdering:	<p>Dette er eit område og ein organisasjon som forvaltar mange kulturminne og store naturverdiar. Dei tiltaka som er skissert i søknaden tenderer inn mot mange av driftsoppgåvene til fylkeskommunen i dag. Det er tilsett ein restaureringsleiar som arbeider med handtverket, både kurs og vegleiing. Fylkesarkivet arbeider med digitalisering og formidling av arkivmateriale. Desse ressursane er tilgjengeleg også for søkjaren. Husbukkprosjektet fekk avslag om midlar i HPN med grunngjevinga «Primært meiner fylkesdirektøren at dette er eit kulturminneansvar som bør ligge hjå Riksantikvaren og at dei går inn med midlar til dette føremålet med overføring til fylkeskommunen. Fylkesdirektøren ser elles at dette kan vere eit prosjekt som kommunen og fylkeskommunen kan adressere til det regionaler forskingsfondet ved neste utlysning.»</p> <p>Kriteria for å få midlar som eit kulturutviklingsprosjekt er at prosjektet skal vere dristig og nyskapande. Så lenge dette prosjektet sitt innhald er rimeleg likt allereie etablerte ordningar berre i mindre skala og i eit avgrensa område, ser ikkje fylkesdirektøren dette som ein søknad som fyller kriteria for kulturutviklingsmidlar. På bakgrunn av dette rår fylkesdirektøren til avslag på søknaden. Samtidig rår fylkesdirektøren søkjaren til å nytte seg av dei tilboda som fylkeskommunen har etablert i dag.</p>				
Budsjett:	580 000	Søknadssum:	190 000	Tilråding:	0

Søklar:	Stiftelsen danse- og teatersentrum	Tiltak:	Den nasjonale teaterkalenderen - all scenekunst i Norge under samme tak.		
Innhald:	<p>Søker om tilskot til å utvikle ein nasjonal teaterkalender på nett og ein mobilapplikasjon av denne. Ein ønskjer å samle alle scenekunsttilbod i Norge i ein felles kalender og å skape brukarvenlege verktøy for publikum. Målet er å formidle informasjon om norsk scenekunst. Dette vil gjere det enklare for publikum i Sogn og Fjordane å orientere seg om kva scenetilbod som til ein kvar tid er tilgjengelege i fylket og scenekunstaktørane i Sogn og Fjordane får ein større moglegheit til å profilere seg nasjonalt/internasjonalt. Det er søkt til fleire fylkeskommunar og m.a. Oslo kommune</p>				
Vurdering:	<p>Å samle alle scenekunstaktørar under ei fane er ein stor visjon, prosjektskildringa viser ei mengd moglegheiter for interaktivitet og tilpasning. Dersom ein lukkast kan det verte ein sentral informasjonsbase for publikum og scenekunsten. Men det er allereie i dag etablert mange kanalar for denne type informasjon, kanskje er det koordinasjon av desse ein treng, ikkje ein ny kanal. Sidan det er eit landsomfemnande tiltak meier fylkesdirektøren at det bør vere ei statleg interesse i å finansiere dette, peike på moglegheitane innan kulturrådet</p>				

	sine tilskotsordningar og vil på bakgrunn av dette avslå søknaden.				
Budsjett:	950 000	Søknadssum:	75 000	Tilråding:	0

Søklar:	Aurland elveeigarlag	Tiltak:	Film om Aurlandselva		
Innhald:	Søker om midlar til produksjon av ein film om Aurlandselva. Filmen vil vere eit bidrag til kulturhistorie og naturforvaltning i Sogn og Fjordane. Filmen skal dokumentere og vise utviklinga av elva, som reisemål for engelske lakselordar på 1800-talet, regulering av elva på 1970-talet der tilbakegangen i fiske var enorm, og arbeidet som er gjort for å bygge opp igjen fiskebestanden. Arbeidet med filming er nærast ferdig. Søklar tilføyer at dei er avhengig av økonomisk stønad for å kome i mål. Det er lagt ved to ulike kostnadsoverslag, utan finansieringsplan. Det er heller ikkje søkt om ein spesifikk sum, vi går difor ut i frå maksimumstønad på inntil 1/3 av godkjent søknadssum.				
Vurdering:	Fylkesdirektøren viser til drøftingar om film i saksframstillinga. Det er innovasjon Norge og kommunane som har verkemidla innan for næring. Sogn og Fjordane fylkeskommune er inne med ei satsing på film gjennom driftstilskot til Vestnorsk filmsenter og FUZZ i perioden 2012-2014. Dette er grunngeve med at ein vil styrke det audiovisuelle miljøet i fylket. Fylkeskommunen støttar denne typen filmprosjekt gjennom engasjementet vårt i Vestnorsk Filmsenter. Det skal særlege grunnar til for å støtte slike filmprosjekt direkte. Dette er ein type film som kan vere aktuelle gjennom t.d. eit liknande prosjekt som VNF sitt prosjekt Kjøl. Fylkesdirektøren vil difor rå søklar til å kontakte VNF for vidare rettleiing og arbeid med filmen. På bakgrunn av dette vert søknaden avslått.				
Budsjett:	498 000	Søknadssum:	166 000	Tilråding:	0

Søklar:	Idrettslaget Frøy	Tiltak:	Trappeløypa i Kalvåg		
Innhald:	Søker om midlar til å lage og merke ei turløype i Kalvåg sentrum opp til utsiktspunktet Varden. Prosjektet er i stor grad finansiert av kommunale og eigne midlar. NB: Søknad utanfor frist, søkt 06.03.14				
Vurdering:	Det er plan og samfunnsavdelinga som har ansvar for friluftslivstiltak. Etter avtale med sakshandsamar handsamar kulturavdelinga søknaden som kulturutviklingsmidlar sidan det ikkje finns tilskotsmidlar innanfor friluftsliv. Etter fylkesdirektøren si oppfatning er dette eit lokalt prosjekt som finansierast lokalt og som også kan søkje spelemidlar til friluftsføremål. Vi viser også til prosjektet merking og gradering av sentrumsnære turstiar, der Bremanger kommune var med. På bakgrunn av dette vert søknaden avslått.				
Budsjett:	630 000	Søknadssum:	60 000	Tilråding:	0

Søklar:	Falkeblikk AS	Tiltak:	Rock og øl – Kinn bryggeri møter Skambankt		
Innhald:	Søker om delfinansiering av produksjonsstøtte til filmen "Rock og øl". Arbeidstitel på filmen er «Kinn Bryggeri møter Skambankt». Filmen skal vere ein kunstnarisk dokumentar med ein særeigen visuell stil. Søklar ønskjer å lage eit prosjekt rundt dei lokale ølbryggjar tradisjonane i Sogn og Fjordane. Miljø og natur, i og rundt Florø, vil verte skildra. Originalmusikk og live-opptak med bandet Skambankt vert kombinert med opptak frå Flora. Dette vert ein tjuve minutt lang film om å skape noko med eigne hender, og gammalt, tradisjonsrikt handverk. Målet er å få vist dokumentaren på festivalar i inn- og utland, samt å få han sendt på norsk fjernsyn.				
Vurdering:	Fylkesdirektøren viser til drøftingar om film i saksframstillinga. Det er innovasjon Norge og kommunane som har verkemidla innan for næring. Sogn og Fjordane fylkeskommune er inne med ei satsing på film gjennom driftstilskot til Vestnorsk filmsenter og FUZZ i perioden 2012-2014. Dette er grunngeve med at ein vil styrke det audiovisuelle miljøet i fylket. Fylkeskommunen støttar denne typen filmprosjekt gjennom engasjementet vårt i Vestnorsk Filmsenter. Det skal særlege grunnar til for å støtte slike filmprosjekt direkte. Fylkesdirektøren vil difor rå søklar til å kontakte VNF for vidare rettleiing og arbeid med filmen. På bakgrunn av dette vert søknaden avslått.				

Budsjett:	160 000	Søknadssum:	50 000	Tilråding:	0
-----------	---------	-------------	--------	------------	----------

Søklar:	Komet Film AS	Tiltak:	Som ein reier ... (så ligg man)		
Innhald:	<p>Søker om kr 108.400 i produksjonsstønad til kortfilmen «Som ein reier...(så ligg man)». Det er Alexander Zwart og Sam Hooper som har regien på denne filmen. Den skal spelast inn i Lærdal. Filmen handlar om Lærdals-bonden Knut som har budd på garden heile livet og ikkje vore utanfor bygda. Johan er einaste sonen til Knut og han ønskjer ikkje å enda opp som bonde. Han vil selja garden og kjøpa ein campingbil som han vil bruke til å sjå seg om i verda med. Knut hadde forventna at Johann skulle ta over garden for å bli bonde. Mange av venene har reist ut av bygda til studiar eller arbeid. Johan er igjen på garden på grunn av skyldfølelse han har over for Knut.</p> <p>Filmen er ei historie som utforskar dei indre konfliktane som oppstår mellom far og son. Dei kjempar for sine rett til å leva sine liv som dei ønskjer.</p> <p>Det er lagt opp til ei omfattande offentleg finansiering, der Sogn og Fjordane fylkeskommune og Lærdal kommune kvar er sett opp med 8 % av budsjettet. Norsk filminstitut finansierer mest med 43 % og Vestnorsk Filmsenter med 28%.</p>				
Vurdering:	<p>Fylkesdirektøren viser til drøftingar om film i saksframstillinga. Det er innovasjon Norge og kommunane som har verkemidla innan for næring. Sogn og Fjordane fylkeskommune er inne med ei satsing på film gjennom driftstilskot til Vestnorsk filmsenter og FUZZ i perioden 2012-2014. Dette er grunngeve med at ein vil styrke det audiovisuelle miljøet i fylket. Fylkeskommunen støttar denne typen filmprosjekt gjennom engasjementet vårt i Vestnorsk Filmsenter. Det skal særlege grunnar til for å støtte slike filmprosjekt direkte. I dette tilfellet har søklar kontakt med VNF. På bakgrunn av dette vert søknaden avslått.</p>				
Budsjett:	1 355 000	Søknadssum:	109 000	Tilråding:	0

Søklar:	Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane	Tiltak:	Nytt formidlings- og bevaringsbygg for Holvekjetta, Gloppen		
Innhald:	<p>Søklar om midlar til å gå gjennom ny plan og kvalitetssikre ei utforming av eit slikt bygg og området rundt og få utarbeidd kravspesifikasjonar og ei kostnadskalkyle for tiltaket. Museet er avhengig av kjøp av tenester til dette. Holvekjetta er frå 1881 og er høgt vurdert i fartøyvernmiljø. Gloppen kommune og MISF er styrings- og referansegruppe. Søkta i 2013 men trekte søknaden i forkant av tildelingsmøte.</p>				
Vurdering:	<p>Fylkesdirektøren vurderer at det er ei oppgåve for MISF og vertskommunen å ta vare på fartøyet innanfor dei rammene som er sett. Dersom det skal realiserast eit eige formidlings- og bevaringsbygg for Holvekjetta, må dette prioriterast opp mot andre museumsprosjekt.</p>				
Budsjett:	750 000	Søknadssum:	250 000	Tilråding:	0

5. Søknader som er trekte etter søknadsfrist:

Søklar:	Åmot Operagard	Tiltak:	Utvikling av en konsertserie - arven etter Ingolf Arnason sin kone		
Innhald:	<p>I e-post av 12.05.14 seier Åmot Operagard at dei «vil prioritere søknad om støtte til konsertene 2014. Vi lar denne saken gå ut.»</p>				
Vurdering:	<p>På bakgrunn av dette vert søknaden lagt vekk.</p>				
Budsjett:	152 500	Søknadssum:	25 000	Tilråding:	0

Søklar:	Ralston & Bau/ Transplant	Tiltak:	Ideal Lab' / Identitet i Bevegelse - scenario 2		
Innhald:	<p>Dette prosjektet fekk kulturutviklingsmidlar i 2013 på kr 50 000,-. Prosjektet har fått ei anna innretning etter søknadstidspunkt. Etter avtale med Ralston & Bau og Flora kommune søker Flora kommune midlar frå Hovudutval plan og næring til dette prosjektet.</p>				

Vurdering:	På bakgrunn av dette vert søknaden lagt vekk.				
Budsjett:	556 000	Søknadssum:	200 000	Tilråding:	0

6. Søknader som vert vurdert etter kriteria for kulturmidlar:

Søklar:	Hanne Bergliot Oftedal	Tiltak:	Biblioteksturne Ord og tonar, Unni Løvlid og Hanne B. Oftedal		
Innhald:	<p>Hausten 2014 vil søkjaren arrangere ein biblioteksturne i fylket med ei eigenprodusert framsyning sett saman av songar, forteljingar og tekst frå fylket. Utøvarar er songar og muskar Unni Løvlid og muskar og forteljar Hanne B Oftedal. Dei vil framføre ei «grunnstamme» av songar og supplere med det som er det lokale tekst- og tonematerialet, forteljingane og musikkarven frå kvar stad dei besøkjer. Målgruppa er både born og unge og eit vaksent publikum. Målet er å gjere publikum i fylket kjend med tekstar og forteljingar dei ikkje møter til dagleg og slik gje eit bidrag til at segn, eventyr, forteljingar og forfattarar, songar, regler og melodiar får kome fram i lyset. Ei slik framsyning vil stimulere til at fleire tør skrive og syne fram det dei skriv, at fleire blir merksame på si eiga song og forteljartradisjon og tek denne i bruk.</p>				
Vurdering:	<p>Fylkesdirektøren meiner det er viktig å støtte tiltak som formidlar den lokale forteljartradisjonen, både i ord og tonar. Dette er også ei framsyning som kan nyttast i t.d. den kulturelle spaserstokken. Fylkesdirektøren rår til at ein støtter produksjonen av framsyninga. Utgiftar til turneen må dekkast gjennom dei enkelte arrangørane.</p>				
Budsjett:	183 300	Søknadssum:	80 000	Tilråding:	20 000

Søklar:	Sogn og Fjordane ungdomslag	Tiltak:	Huset i bygda – ein trygg og aktiv kulturarena for alle		
Innhald:	<p>Sogn og Fjordane ungdomslag (SOFUL) mottek driftstilskot, 100 000 kr vart løyvd i sak 10/14 i møte 12.03.14. Der vart Huset i bygda (HiB) omtala slik: SOFUL «har tilsett ein prosjektleiar i 50% stilling for å jobbe med det 3-årige bulyst-prosjektet ”HiB”. Det er søkt om kulturutviklingsmidlar til «HiB».»</p> <p>HiB er eit prosjekt som arbeider for å gi hjelp og støtte til dei frivillige eldsjelene som driv dei over 400 organisasjonseigde kulturbygga i Sogn og Fjordane (ungdomshus, samfunnshus, bygdehus, grendehus, bedehus, lagshus, m.m.)</p> <p>Dei satsar no på eit nytt prosjekt i 2014 der HiB vil fokusere mot ei ny målgruppe : Born og unge, og spesielt mot «den inaktive og uorganiserte delen» av barne- og ungdomsgruppa.</p> <p>Målsetninga er å arbeide målretta mot å skape fleire og nye kulturelle og fysiske aktivitetar i kulturbygga som fremmar folkehelse. HiB vil vere ein pådrivar for at dei organisasjonseigde kulturbygga utviklar enno fleire, mangfaldige og meningsfulle aktivitetar som får barn og unge, og spesielt den inaktive og «uorganiserte delen» av denne gruppa, til å bli meir fysisk aktive, sosiale, engasjerte og deltakande i samfunnet. Dei har søkt om midlar innanfor folkehelse, HPN, men fått avslag, sidan folkehelsemidlane skal gå direkte til tiltak og ikkje til eit mellomledd som organiserer dette.</p>				
Vurdering:	<p>Det er riktig at HiB starta som ei bulystprosjekt, men dette er no vidareført som eit viktig arbeidsområde i SOFUL sitt virke. Det er også no i ferd med å spreie seg nasjonalt. M.a. har HiB bidrege til oppstart i Hordaland.</p> <p>HiB er difor etter fylkesdirektøren sitt syn ikkje lenger eit prosjekt, men ein del av SOFUL si drift. På bakgrunn av dette vurderer fylkesdirektøren difor at ein ikkje skal gi kulturutviklingsmidlar til prosjektet, men auke opp driftstilskotet til SOFUL, så er det opp til UL å prioritere innanfor deira drift.</p> <p>Prosjektet kan ev. verte vurdert som ein del av gjennomføring av handlingprogram i regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.</p>				
Budsjett:	600 000	Søknadssum:	200 + 100 (folkehelse)	Tilråding:	50 000

Søkjar:	Rekruttskulen	Tiltak:	Rekruttskulen "Grand jete"		
Innhald:	<p>Rekruttskulen skal legge til rette for at elevar som er interessert i å fordjupe seg i dans skal få heva dansekompetansen sin til eit nivå som gjer det muleg for dei å kvalifisere seg til vidare utdanning i faget; enten som dansarar eller pedagogar.</p> <p>Dei kvalifiserer seg gjennom RAD-systemet. Elevane er frå 9 år og oppover og kjem frå 9 kommunar i fylket.</p> <p>I 2014 arbeider dei med 6 ulike dansenivå, med eksamen i mai. I tillegg deltek dei på RAD-kurs. Dei arbeider også for å få dramasalen i Sogndal godkjent som eksamens-senter for høgre nivå. Dei eldste elevane treng da ikkje å reise ut av fylket for å ta eksamen.</p>				
Vurdering:	<p>Fylkesdirektøren meiner Rekruttskulen er eit viktig tiltak for unge dansetalent, men etterlyser ein meir fast struktur for å sikre tiltaket framover, og som i tillegg inkluderer ein større del av det totale danse miljøet i fylket. Det er viktig at det vert søkt om tilskot til satsinga òg frå andre finansieringskjelder slik som Norsk Kulturråd og lokalt frå kommune /næringsliv.</p>				
Budsjett:	166 250	Søknadssum:	55 000	Tilråding:	40 000

Søkjar:	Kaja Nordang	Tiltak:	"Sprell" Teaterskule for born og unge		
Innhald:	<p>Sprell vil skape ein arena der ingenting er umogleg. Visjonen er å styrke born og unge sin fantasi og kreativitet gjennom leik og øvingar og å skape eit trygt rom der ein kan bygge sjølvtilitt og mot til å uttrykke seg.</p> <p>Tidlegare teaterveker har fått mange gode tilbakemeldingar bae frå deltakarar og føresette. I år ønskjer dei å gi eit tilbod til born født 1998 – 2006, der dei set opp framsyninga «Rocheulven». Gjennom arbeid med framsyninga vil ein fokusere på skodespelarteknikk, ensembleoppbygging, stemmetrening og formidling. Det vil avsluttast med ei ope framsyning. På førehand vil dei vitje skular. Dei har oppretta kontakt med SoFT.</p>				
Vurdering:	<p>Tiltaket vart for første gong gjennomført i 2010 i samarbeid med Kulturskulen i Gaular. I 2011 var det gjennomført i Førde, med regionalt nedslagsfelt. I 2013 i Førde utvida dei til 2 veker, med deltakarar frå fleire kommunar.</p> <p>Fylkesdirektøren meiner dette er eit godt og spennande initiativ og eit supplement som er med på å fylle ut kulturtilbodet til barn og unge gjennom heile året. Det er positivt at ein har etablert samarbeid med SoFT.</p>				
Budsjett:	61 000	Søknadssum:	20 000	Tilråding:	20 000

Søkjar:	Gruppe MiM + WW	Tiltak:	MIM & Holdensen i Marokko		
Innhald:	<p>Gruppe MiM, bestående av kunstnarar frå SF samarbeider med grafikar Annette Holdensen i Odense og Mulay Elkahfai, malar og grafikar, Marrakech om ein grafisk verkstad i Mirleft, Marokko. I februar 2014 etablerte dei verkstaden i Mirleft. Opphaldet vart avslutta med ei utstilling i ein uferdig teaterbygning.</p> <p>Verkstaden skal knytast mot ein utdanningsinstitusjon og skal brukast og tas i vare av staden sine kunstnarar. Her vil søkjarane vidareutvikle, fornye og eksperimentere med grafikk. Dette vil også være eit tilbod til andre kunstnarar frå SF som ønskjer nye impulsar.</p> <p>Måla er:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. opprette ein enkel grafisk verkstad i Mirleft 2. Sjølvutvikling 3. Utstillingar 4. Arbeide i fellesskap med deltakarar frå Marokko 5. Bli betre kjent med levestad og kultur 6. opplæring i trykkessteknikk og utstillingsteknikk for kvinner og born 7. tilrettelegge for at andre kan nytte verkstaden i deira fråvær. <p>Dei søker om midlar til delfinansiering av verkstadleige og utstyr, administrasjonskostnader, dokumentasjonskostnader + uføresett på kr 58 000,-. I tillegg ca 56 000 til reise og opphald.</p>				
Vurdering:	<p>Dette er eit spennande og utviklande prosjekt for kunstnarane. Den regionale betydninga av prosjektet er meir uklar, utover at det kan fungere som eit refugium/arbeidsstad for</p>				

	<p>kunstnarar i/frå Sogn og Fjordane.</p> <p>Å utvikle slike tilbod bør vere kunstnarorganisasjonane sin oppgåve, så dette vert ikkje sett på som eit prosjekt fylkeskommunen støttar utifrå den vinklinga. Vil støtte til tiltaket utvikle kunstnarane og kunstuttrykka vi får glede av i Sogn og Fjordane seinare? Det er ingen tvil om at nye erfaringar og impulsar utviklar mennesket. Tiltaket er no starta og fekk kulturutviklingsmidlar i 2013. Desse midlane har eit 3-årig perspektiv og fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd midlar til å opprette verkstaden.</p>				
Budsjett:	114 000	Søknadssum:	38 000	Tilråding:	15 000

Søklar:	Norsk Fjordhestsenter	Tiltak:	Fjordhest for folket		
Innhald:	<p>Søker om finansiering av aktivitetar i 2014. Hingsteutstillinga på Nordfjordeid er eit tradisjonsrikt arrangement som samlar hestefolk frå inn- og utland. Hingsteutstillinga på Nordfjordeid gir ei unik mulighet til å auke interessa og på ny å skape stoltheit rundt hesten, også hos dei som ikkje i utgangspunktet er hestefolk. Dei ønskjer å skape mest mulig folkelege aktivitetar rundt den profesjonelt utførte hingstekåringa. Satsinga er eit 3-årig prosjekt der ein har fokus på tre hovudområde.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Hovudsatsinga blir mot barn og ungdom, og der ein har ein rekke aktivitetar ein vil prioritere for dei. • eit tettare samarbeid med andre arrangement om profilering og utvikling • best mulig merkevarebygging av eige arrangement <p>Gjennom prosjektet skal ein få sosial verdiskaping i Eid kommune, nærliggande kommunar, tilreisande og hestemiljøet. Ein har som mål å skape økonomisk verdiskaping, og få arrangementet til å sette Eid på kartet som kultur og arena for opplevsar. Byggje omdømet til Eid og resten av Nordfjord som fjordhestsentrumet i verda. Omdømebygginga er ein viktig del av arbeidet med å gjere hesten meir attraktiv igjen og dermed få opp talet på fjordhestfødslar og sikre avlen.</p>				
Vurdering:	<p>Etter fylkesdirektøren si vurdering inneheld søknaden satsingar på aktivitet med lokal profil. Målsettingane er aktivitetar rundt kåringa, sosial verdiskaping i Eid kommune, nærliggande kommunar, tilreisande og hestemiljøet. Kommunen deltek ikkje i finansieringsplanen. Det som kan løftast fram av regional viktighet er vertskapsrolla og omdømmebygging rundt Fjordhesten. På bakgrunn av dette vert det rådd til å løyve midlar til å utvikle vertskapsrolla.</p>				
Budsjett:	300 000	Søknadssum:	100 000	Tilråding:	15 000